

## Referat frå styringsdialog mellom

### Det humanistiske fakultet (HF) og Institutt for framandspråk (IF)

2013

Stad: rom 305, HF-bygget

Dato: 30. oktober 2013

Til stades: instituttleiar Leiv Egil Breivik (IF), dekan Margareth Hagen (HF), underdirektør Kim Ove Hommen (HF), visedekan Claus Huitfeldt (HF), studieleiar Hilde Haaland-Kramer (IF), undervisningskoordinator Åse Johnsen (IF), forskingskoordinator Sissel Læg Reid (IF), fakultetsdirektør Trine Moe (HF), prodekan Einar Thomassen (HF), administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug (IF) og seksjonssjef Ronald Worley (HF).

#### A. Forsking

Læg Reid orienterte om [forskargruppene](#) og [forskarutdanninga](#) ved IF. Instituttet har mellom ti og femten forskargrupper, og dei fleste av desse er aktive. Instituttet lyser frå og med hausten 2013 òg ut midlar til forskarutdanningstiltak. Instituttet har dessutan etablert eit fredagsforum for stipendiatar innanfor litteratur og kulturkunnskap. Dette er eit lågterskel-tiltak. Det vil òg bli supplert av andre arrangement som t.d. eit todagarseminar i mai 2014, der stipendiatar og rettleiarar frå universiteta i Kiel og Oslo deltek. Instituttet er med i den nasjonale forskarskule TBLR, som har eit årleg seminar. Jakob Lothe, som er professor II ved IF, er ein viktig ressurs i doktorgradsutdanninga ved instituttet, og gjennom han er det òg etablert eit samarbeid med stipendiatar ved ILOS i Oslo. IF har eit godt samarbeid med LLE om forskarskule i språkvitskap og filologi, og skule fungerer godt. Det finst òg ein nasjonal forskarskule i språkvitskap og filologi, der instituttet tek del. Denne nasjonale forskarskule har fått ei solid løyving og har råd til ulike aktivitetar. Gledeleg er det òg at Oslo er med i denne nasjonale forskarskule i språkvitskap og filologi.

Thomassen spurde om tilhøvet mellom forskargruppene og phd-studentane. Læg Reid meinte instituttet kunne bli betre til å trekkja stipendiatane inn i forskargruppene. Men både lingvistar, fagdidaktikarar og litteratur- og kulturstipendiatar har allereie fora der dei kan leggja fram utkast til drøfting. Breivik framheva Shakespeare-forskargruppa som eit døme på ei gruppe som legg godt til rette for dette.

Det bør ryddast opp i lista over forskargrupper på nettsidene til HF. I dag ligg det ute fleire grupper enn vi reelt sett har.

Hagen tok opp spørsmålet om presentasjonen av forskinga på HF sine sentrale [nettsider](#), der ein m.a. må finna ut kva for kategoriar som skal brukast i inndelinga av forskingsaktiviteten. Johnsen syntest nyhende-karusellane på nettsidene fungerer bra, og ein kan bruka ein slik funksjon, der ein fornyar

sakene etter kvart. Det er òg gjort forsøk med kompetansekatalogar, men dette har ikkje blitt følgd heilt opp. Hommen leier arbeidet med nettsidene ved fakultetet.

Forskinga på språkdisiplinen av språkfaga ved IF og LLE skal [evaluerast](#) av NFR i perioden 2013-2016.

IF ligg lågare enn ein del andre fagmiljø når det gjeld [publiseringspoeng](#). Instituttet kan ikkje lenger skulda på underregistrering slik som i oppstartsfasen av teljekantsystemet. Men instituttet prøver å oppsøkje forskarane og få dei til å registrera publikasjonar, og Breivik tek opp desse spørsmåla i medarbeidarsamtalar. Nokre hindringar har vist seg vanskelege å koma forbi: nokre vitskapleg tilsette publiserer minimalt, og éin av dei tilsette, publiserer mykje, men på forlag som ikkje blir registrert som poenggjevande. Enkelte fag kjem særleg dårleg ut når det gjeld publisering. I det siste har vi brukt den elektroniske publiseringkanalen BeLLS ein del, og denne er på nivå 1.

Hagen spurde om [Horizon 2020](#). Lægreid meinte det ville koma fleire søknader frå instituttet til dette programmet. Thomassen meinte ein burde gå aktivt ut til miljøa og prøva å få fram søknader.

Hagen minna om Senter for vitskapsteori (SVT), og at vi kan bruka kompetansen dei har.

## **B. Utdanning**

Huitfeldt spurde om [den integrerte lektorutdanninga](#), der IF-faga engelsk, fransk og tysk er med. Spansk er ikkje inne i dette programmet, men burde som eit stort skulefag vore med. Utvekslinga i sjette semester er ei utfordring for IF innanfor den integrerte lektorutdanninga. Breivik viste til at ikkje alle ved instituttet har like stor forståing for at fagdidaktikk er ein fullverdig disiplin i faget.

Instituttet har fått spørsmål om vi kan tilby [språkpakkar i lærarutdanninga](#) og er i dialog med høgskulane på Vestlandet om dette.

Uthaug streka under at det – p.g.a av ENGMAU og den integrerte lektorutdanninga - blir teke inn for mange studentar på masternivået på engelsk. Her går vi mot ein smell der vi får fleire studentar på masternivå enn vi har [rettleiingskapasitet](#) til. På dette området har engelsk ein heilt annan situasjon enn dei andre faga ved instituttet. Worley signaliserte at ein framover må vurdere nøyare korleis ein fordeler opptaksplassane på masternivået. Breivik viste til budsjettbrevet frå IF til fakultetet i juni, der instituttet varsla bortimot 90 masteroppgåver til rettleiing hausten 2015. Faget treng ein større stillingsressurs for å gje rettleiing til så mange masterstudentar.

Huitfeldt tok opp [rekrutteringsutfordringa](#) og meinte fakultetet har mykje å læra av det grundige og skikkelege arbeidet IF gjer for å rekruttera studentar. Rekrutteringa til master er også ei utfordring, og dei fleste faga ved IF har ein motsett situasjon til engelskfaget – dvs at faga har for få studentar som søker opptak til master.

Instituttet har sendt inn ein søknad til Noregsuniversitetet om støtte til DIGITYSK, dvs til fornying av [vidareutdanninga](#) på tysk. Spansk er òg eit stort fag innanfor vidareutdanninga ved UiB. Uthaug streka under at det hastar med ei avklaring av oppgåvefordelinga etter at SEVU er blitt omorganisert til ei eining med færre stillingar. Kva oppgåver skal instituttet ha, og kva skal fakultetet gjera på dette feltet, og kva for ressursar følgjer med dei nye oppgåvene instituttet får? Uthaug meinte det var naturleg at arbeidsdelinga følgde vanleg arbeidsdeling på ordinære tilbod, og at

studieadministrasjonen dermed i hovudsak vart lagt til institutta. I så fall meinte han det kunne vera ei fornuftig løysing å gje IF og søsterinstituttet LLE ei ny studieadministrativ stilling på deling; til saman har desse to institutta ein stor portefølje av vidareutdanning.

### 3. Budsjett og stillingar

Huitfeldt tok opp spørsmålet om SPIK-programmet, som er eit samarbeid mellom dei tre institutta IF, LLE og FoF ved UiB og Noregs Handelshøyskole. Den planlagde masterpåbygginga TOMT har lagt på vent i fleire år. Studentane på studieprogrammet SPIK vart dei første åra gitt von om at denne mastergraden skulle opprettast. Instituttet har bede om ei vitskapleg stilling for å koma i gang med TOMT. Worley etterlyste ei utrekning av kva som trengst av rettleiingsressursar knytt til masteroppgåva på TOMT, og viste til drøftinga av rettleiingssituasjonen på engelsk masternivå. Frå instituttet vart det vist til at studentane på ei eventuell TOMT-påbygging vil vera relativt få og fordela seg på ulike fag. Om det trengst, kan det òg setjast ein kvote for opptaket. Worley viste òg til at det er stort fråfall frå SPIK-programmet. Haaland-Kramer peikte på at fråfallet er like stort på dei andre faga ved instituttet.

Moe opplyste at det akkurat no ikkje ser så lovande ut for ei mellombels finansiering via Hanban av ei stilling nummer to på kinesisk. Moe spurde kva for stilling instituttet ville prioritera høgast av kinesisk, TOMT og andre ønske. Breivik viste til at instituttet stilt overfor dette valet, må ha kinesiskstillinga som førsteprioritet. Instituttet har allereie fått lysa ut den omtalte stillinga på kinesisk (som ei av to stillingar på faget), men fekk då ingen kvalifiserte søkjarar.

Institutta vil få eit brev om tilleggsgjeremål og attåtstillingar. Alle som har toarstillingar og andre attåtstillingar utanfor UiB, må søkja på ny om å få halda fram i desse engasjementa. Det er fakultetet som vil godkjenna slike stillingar.

### 4. Anna

Fakultetet spurde om bruken av utanlandssentera våre i Kiel, St. Petersburg, York og Caen. Desse studiesentra er viktige i undervisningstilbodet ved IF. Instituttet arbeider dessutan med å etablera gode utvekslingsavtalar på fag som kinesisk og arabisk. På arabisk er det vanskeleg å få til utveksling, særleg på grunn av den politiske uroa i Midtausten, men IF arbeider for å få i stand utveksling med statar i Gulfen, eventuelt med eit universitet i Betlehem. Det er allereie etablert ein avtale med SOAS i London.

Moe spurde om studiesentra kunne erstattast av eit samarbeid direkte med utanlandske universitet? Haaland-Kramer streka under at det er vanskeleg å få til ordningar med nok studentplassar i engelsktalande land, og at York her fyller ei viktig rolle.

Andre fag kan òg bruka dei ulike studiesentra.

Johnsen tok opp spørsmålet om eigne engelskkurs for eit par grupper: Både engelskfaget og andre fag får «innvekslingsstudentar» frå utlandet som ikkje er på eit godt nok engelskspråkleg nivå til å få skikkeleg utbyte av undervisninga. Det trengst eigne engelskkurs under 100-nivå for å få desse

studentane opp på eit akseptabelt nivå, og instituttet har tidlegare sendt brev til fakultetet om dette. I tillegg trengst det ein annan type kurs for studentar som først og fremst treng betre kompetanse i å skriva akademisk engelsk. Begge desse kurstilboda vil vera relevante for fleire institutt og fakultet. Det trengst ressursar for å etablere slike tilbod. Worley har teke opp spørsmålet om slike kurs med relevante instansar ved UiB. Når det gjeld studentar på korttidsopphald (t.d. eitt semester), er ikkje Studieadministrativ avdeling interessert i å satsa på eigne engelskkurs for denne gruppa, men kanskje kan det vera aktuelt for kvotestudentar og andre med meir langvarige opphald. Kurs i akademisk engelsk kan vera nyttig, men Worley meinte instituttet i så fall måtte finna ressursar sjølv om ein ønskte eit pilotforsøk med eit slikt kurs – dersom det då ikkje kan hentast inn midlar frå UiB sentralt.

Fakultetsstyret har tidlegare gjort vedtak om at IF kan tilsetja i ei lektorstilling på spansk (50 prosent), finansiert med eigne midlar. Denne saka stoppa opp tidlegare i vår, då fagforeiningane hadde innvendingar mot bruken av [lektorstillingar](#). Det nye rektoratet har sagt ja til å tilsetja lektor i fast stilling på arabisk. Instituttet sender derfor inn spanskstillinga ein gong til, slik at fakultetet kan ta opp saka med universitetsleiinga.

Instituttleiar Breivik gav elles ros til dekanatet for å vera lydhøyr i dialogen med institutta.

*Referent:*

*Arve Kjell Uthaug,*

*31. oktober 2013*